

Prekenverkstedet



<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

Søndag før pinse – 16. mai 2021

Evangelietekst: Joh 3,16-21

Lesetekst I: Apg 26,1-3.19-29 (**preiketekst**)

Lesetekst II: Opb 21,22-27

Lys og fridom

Om dagen

Dette er ikkje berre søndag før pinse, som den spelar opp mot, men også dagen før nasjonaldagen. Det kan vel fort bli litt kunstig å kople for sterkt, men det ligg eit tema av fridom i Paulus sin tale som kan få førebu oss til 17.mai.

Lesetekstane har ordet «lys» til felles med preiketeksta. Jesus forkynner hos Johannes at han er lyset som skulle kome til verda sitt mørke. Paulus legg vekt på at det lyset som gjekk opp for han då han møtte Jesus, må forkynnast for jødar og heidningar. Og Johannes peikar fram mot det evige riket som ikkje treng noko anna lys, fordi Guds herlegdom alltid strålar. Eg er usikker på i kva grad dette skal styre tanken om preika, men det kan vere eit moment å dra med seg.

Elles er det ganske ubegripeleg at ikkje vers 19 er med i preiketeksta. Det berre MÅ predikanten ta med. Apgj 26,19 er sjølv brua mellom Paulus si omvendingsfortelling og høgdepunktet i forsvaret hans for kong Herodes Agrippa II. Med «derfor, kong Agrippa» introduserer han sjølv hovudsaka i prosedyren sin. Eg vil kalle det eit nøkkelpers, som jamvel spelar på «lyset». Paulus har følgd kallet sitt i lydnad mot «det himmelske synet».

Om teksta

Før vi går vidare med sjølv teksta vil eg ta ein omveg via ei kyrkje. Pastoren preika over ei tekst ein søndag og fekk gode tilbakemeldingar på budskapen. Neste søndag talte han over same teksta. Dei som oppdaga det, undra seg litt, men dei berre nikka stadfestande, og ingen sa noko til han om det. Tredje søndagen preika han på nytt over den same teksta. Då nokon spurte han kvifor, svara han at han at han ville halde fram med å forkynne over denne teksta til forsamlinga tok den på alvor i liva sine.

Nødvendig å forkynne evangeliet

Denne vesle anekdoten kan vere eit innsteg til dagens tekst. Med avgrensa tilgang på skriveutstyr er det likevel tredje gongen Lukas fortel Paulus si omvendingshistorie i Apostelgjerningane. Skulle det vere nødvendig? Vel, kanskje poenget i den er berande for heile forteljinga hans. Paulus møtte Jesus for så å bli sendt ut for å «bere fram namnet mitt for heidningar, kongar og for Israels folk» (Apgj 9,15f). Overfor Jerusalems innbyggjarar er poenget at «du skal vere hans vitne for alle menneske om det du har sett og høyr» (Apgj 22,15). Og her: «Derfor har eg ikkje vore ulydig mot det himmelske synet. Tvert om har eg forkynt ...» (Apgj 26,19f).

Det er dette Lukas gjentar og gjentar, no når Paulus sjølv sit i romersk fengsel og går mot slutten av si teneste. Evangeliet må vidare, til jødar og heidningar, og i Paulus si ånd held Lukas fram med å skrive nettopp det, til kyrkja i hans eiga samtid gjer alvor av at apostelens kall også er heile kyrkja sitt kall. Vidare med evangeliet i frimod og åndskraft. Eit gammalt latinsk tekstvitne seier nettopp det om Paulus i vers 1, at han løfta handa, som ein gresk retor gjorde det, «frimodig og oppmuntra av Den heilage ande».

Kven er fri og kven er bunden?

Her løfta den frimodige retoren ei hand med tunge lenker. Det er underleg, i grunn, at han som står der med lenkene (26,9), ter seg som den frie i audienssalen. Den fridommen ønsker og ber han om at dei dei mektige som høyrer han, og som har stor makt til å gjere som dei vil, også skal oppleve. Han ber fysiske lenker, men har ei fri ånd. Dei er bundne til jordisk makt, i stor grad utøvd med tvang og vald, i stor grad utan folkets kjærleik og tillit. Vi som har stått med misjonsansvar, har møtt nokre slike samfunn som er prega av frykt driven makt. Det er det motsette av fridom, for folket og for dei som tvingar seg til makta. Paulus var fri til å utfordre. Makta var ikkje fri til å respondere ærleg, og trekte seg tilbake.

Paulus brukar forsvarstalen sin for landets fremste leiarar til å forkyne evangeliet. Det er påfallande at den romerske landshovdingen Festus reagerer på akkurat same punktet i talen som filosofane på Areopagos ni kapittel tidlegare. Då han forkynte Jesu død og særleg hans oppstode, fekk han passet påført: Du er gal, Paulus! Oppstoda var det siste dei ønskte seg i den dualistiske omverda. Målet måtte snarare vere å kome fri frå det kroppslege, det skapte, det ytre. Slik tenkte ikkje jøden Paulus, og slik treng ingen kristen å tenke. Vi skattar høgt det skapte, fordi det er Skaparen sin dyre eigeidom.

Paulus på si side avviser at han er frå forstanden. For det første tar han Herodes Agrippa til vitne for seg, sidan han, sjølv om han ikkje var jøde, kjente det jødiske svært godt (sjå også vers 3). Det var ei hovudsak i forsvaret til Paulus at han stod med begge føtene i si jødiske tru når han heldt seg til Jesus som Messias.

Vent store ting av Gud!

Dernest seier han noko som er typisk for Paulus: Ingenting har skjedd i skjul! Han har operert som misjonær i samtida sine store byar, på den offentlege arenaen. Han

har ikkje hatt noko å skjule, heller ikkje i Jerusalem der dei måtte ty til falske klagemål mot han. Vi høyrer 2 Kor 4,2 i bakgrunnen: «Nei, vi har sagt frå oss alt hemmeleg og skammeleg, vi går ikkje fram med knep og forfalskar ikkje Guds ord. Men vi legg sanninga ope fram ...» Det frimodet må forkynninga søndag før pinse også ha. Då står vi i pinsekrafta si teneste!

Ordvekslinga mellom Paulus og kongen har vore mykje diskutert. Er Agrippa i ferd med å bli ein kristen, eller er det berre ironi frå kongens side? Vi veit ikkje. Kanskje er det begge deler, ei uro under huden som blir dekt over med ei kald sarkasme. Ordet kristen er forresten lite brukt i NT, her for andre gong, og det ser ut til at det eit ord som disiplane er blitt kjent under, slike som trur på og følger Kristus. Slik svarar det nøyaktig til at Jesus-truande jødar kallar seg messianske.

Frå ei menneskeleg side, kva kunne Paulus vente frå kongen? Agrippa sin oldefar, Herodes den store, drap alle gutabarn i Betlehem i jakta på Jesus. Bestefaren, Herodes Antipas, hogg hodet av døyparen Johannes. Faren, Herodes Agrippa I, gjorde det same med apostelen Jakob, Johannes sin bror.

Men frå Anden si side veka før pinse, kva forventar vi at Gud kan?

Sjølv har eg litt sans for ein tredje variant av samtalen, at Agrippa, slik det også er mulig å forstå det grammatikalsk, stiller spørsmålet: «Overtalar du meg på kort tid til å bli ein kristen?» Det gir ein fin flyt i samtalen og full meining til Paulus sitt siste svar, om at alle som høyrer han, til sist må bli henta inn av Guds kall til å «skifte sinn og vende om» (26,20). Forkynninga til apostelen hadde alltid dette som mål.

Her er begge dei greske orda for å vende om i NT brukt, *metanoein* og *epistrefein*. Det første handlar om å forvandlast innanfrå, finne tilbake vår identitet. Det andre om å snu om 180 grader og gå i motsett livsretning. Berre slik kan menneske oppleve fangen Paulus sin fridom.

Om preika

Eg har nemnt at lys er noko som går igjen i alle tre tekstane for dagen. Tyngda i denne teksta ligg likevel ikkje der. Fridom er eit anna ord som det kan spelast på i forkynninga. Det står meir fram i fortellinga, etter mi meining.

Skulle eg ta dette enda eit steg, vil eg seie at frimod til å forkynne evangeliet og kalle til omvendning, tru og nytt liv er hovudsaka. Då spelar vi rett opp mot pinsa sitt tema. Pinsedag 2021 ikkje er starten på pinsa. Pinsa 2021 er snarare den årlege påminninga om at vi som kristne lever konstant i pinsa si kraft. Det skal gi oss frimod midt i motgang og trengsle, slik apostelen opplevde det.

Mange norske kristne opplever det trugande at allmennkulturen jamt vil avgrense rommet for å lære og leve ut trua og etterfølginga i samsvar med Guds ord. Vi treng ikkje å la oss overraske eller overrumple av dette. Guds rike har gått mest fram under kors og trengsel.

Dette må du som forkynnar hjelpe vanlege kristne til å sjå og forstå og til frimodig å femne. Vi må alle hjelpast til ikkje å vere ulydige mot våre himmelske syn, men vere frimodige. For oss som er engasjert i Israelsmisjonen, gjeld dette at vi er tru mot kallet til å vitne om Jesus, Guds son, som deira sanne Messias, også når tanken om at jødane ikkje treng evangeliet spreier seg i Europas liberale kyrkjer.

Talet på Jesus-truande jødar er ikkje overlag stort, men det veks. Talet på dei som kom til tru på Jesus som Messias i Cæsarea sin audienssal ein gong rundt år 60 var heller ikkje stort, men ved frimodet til vitnet Paulus møtte dei kallet. Skal tru om ikkje det òg bar frukt då tida var inne, «like før eller lenge att».

Rolf Kjøde

Førstelektor, NLA Høgskolen

Rolf.Kjode@nla.no